

Status og oversikt over det norske strategiarbeidet i UH-lova

17.10.2011

Johan Myking
LLE/Uib



UNIVERSITETET I BERGEN



Den nasjonale språkpolitikken i lovs form

2009 § 1-7 i universitets- og høgskulelova:

"Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk".

Bakgrunn: Ot.prp. nr. 71 (2008-2009) **Om lov om endringer i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler**

"Det understrekkes i denne sammenheng at arbeidet med å utvikle og holde levende et fullverdig vitenskapelig fagspråk på norsk peker seg ut som en språkpolitisk hovedutfordring i årene framover, og at forskning og høyere utdanning i så måte er den strategisk viktigste samfunnssektoren."

Offentleg ordskifte mai/juni 2010

- Marita Kristiansen ved (BT 12.5.): Det engelske fagspråket veltar inn i norsk høgare utdanning og forsking
- Språkdirktør Sylfest Lomheim: alvorleg situasjon for norsk som fagspråk fordi norske språkmiljø er for små og svake; UiO får refs for passivitet; UiT og NTNU markerer sterkt positiv vilje; UiB "best i klassen" (Aftenposten 7.6., Bergens Tidende 1.6. og 7.6.)
- Rektor ved NHH Jan I. Haaland: Heile sektoren må ta eit språkpolitisk ansvar (Aftenposten 16.06.10)

→ UH-sektoren "eig" problemet og må finna løysingane!

UHRs språkpolitiske plattform 2007

- Bygd på komiteutgreiing 2006 ("Jahr-komiteen")
 - Fastsett av styret i UHR 2007
 - Utvida og konsolidert plassering av ansvar i *Mål og mening* 2008 og UH-lova 2009
 - Iverksett eller følgd opp av mange institusjonar, til dels summarisk
 - Status våren 2011 ser ut til å gjelda framleis
- Den norske "utgreiingsdiskursen" (jf. Sandøy 2007), ei rad strategidokument frå institusjonane



Institusjon	År	Tittel
Språkrådet	2005	Norsk i hundre!
Universitetet i Oslo	2006	Snart to hundre ("Hveem-komiteen")
UHR-komiteen	2006	Framlegg til ein språkpolitikk for universitet og høgskolar i Noreg ("Jahr-komiteen")
UHR, styret	2007	Språkpolitisk plattform
Universitetet i Tromsø	2007	
Universitetet i Bergen	2007	Både i pose og sekk ("Sandøy-komiteen")
Universitetet for miljø- og biovitenskap	2007	Språkmangfold styrker miljøet
NTNU	2007	
Kulturdepartementet	2008	Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk (Stm. 35)
Universitetet i Stavanger	2009	
Universitetet i Agder	2009?	
Høgskolen i Oslo	2009	HiOs språkpolitikk ("Roksvold-komiteen")
NHH	2010	Ja takk, begge deler! Best of both worlds. ("Kristiansen-komiteen")



Frå ”utgreiingsdiskurs” til handlingsmodus?

- Språksenter; planarbeid i gang
- Satsing på terminologi
- Lokale idéseminar

→ Famling; mangel på lokale initiativ?

- Diskusjonar på ”makro-plan”, NFF-seminar 10.10.11

Språksenter – planarbeid i gang

UiO: utgreiing levert januar 2011; ("Simonsen-komiteen")

- inspirasjon frå CIP i København
- høyringsrunde ikkje fullført?
- høg kostnadsramme?

UiB: språksenter formelt oppretta 2011

- knytt til internasjonaliseringsarbeidet
- ½ stilling på prosjektbasis 2010–2011
- oppgradering til 1/1 årsverk i 3 år 2012–2014.
- høgt ambisjonsnivå og strategisk vektlegging; sterk motstand i styret → gradvis opptrapping nedanfrå

Språksenter UiB – arbeidsoppgåver

- Hovedvekt på språkleg-administrative forvaltingsoppgåver (administrasjon av kurs, språkvasktenester)
 - Internasjonalisering: førstelinje/mottak av utenlandske tilsette; administrasjon av norskopplæring
 - Integrert i personalavdelinga
- På lengre sikt: tettare kontakt med brukargruppene og språkfaglege miljø, men p.t. ingen klåre organisatoriske føringar

Terminologisatsing

- UiO 2006: peikar på at terminologi er eit nasjonalt ansvar
- UiB/NHH: terminologi eit viktig moment i dei to utgreiingane
- NHH: operativt terminologisk system (Kristiansen; dette seminaret)
- UiB: sterke historiske tradisjonar for terminologiutvikling: strategisk vektlegging på parallellspråklege termlister for ulike fag

→ UiB/NHH: sterk vekt på motivering og læring, **terminologi i studentperspektiv!**



Lokale idéseminar

- UiB idéseminar 24.03.2011, organisert av språktenesta
- Andre?

Makro-planet: "utilsikta verknader"

- Ingen har som *intensjon* å undergrava statusen for norsk!
 - Domenetap oppstår som resultat av "den usynlege handa" (Ljosland 2008)
 - Økonomisk-politiske rammevilkår og føringar: "teljekantsystemet"; mangelen på boklov og læremiddelpolitikk; kravet om internasjonalisering
- UH-sektorens språkpolitikk tar (så langt) utgangspunkt i "tilsikta positive verknader", har ingen politikk for 'utilsikta' verknader → på "makro-nivået"

Tilstand og medisin – to nøkkelomgrep

- 2008: [Domenetap er] altså eit totalt språkskifte innanfor det som blir kalla eit språkleg domene, dvs. eit bruks- eller funksjonsområde for språket (*Mål og mening* s. 94)
- 2006: Institusjonene bør utarbeide språkstrategier som sikrer parallelspråklighet, dvs. norsk som nasjonalt fagspråk og engelsk som internasjonalt fagspråk (UHR, *Språkpolitisk plattform*, "Overordnede retningslinjer" s. 1)

UHRs syn på parallelspråklegheit i praksis

- Studenter på høyere nivå skal kjenne til og kunne bruke fagspråk både på norsk og på engelsk eller annet internasjonalt språk
- Institusjonene bør utarbeide språkstrategier som sikrer parallelspråklighet, dvs. norsk som nasjonalt fagspråk og engelsk som internasjonalt fagspråk
- Institusjonene bør utvikle refleksjon omkring demokrati, formidling og språkbruk.

(UHR, *Språkpolitisk plattform*)

Omgrepet 'domene' – skiftande innhald

- domene som 'spesialiseringsnivå' → BA- vs. MA-nivå
 - domene som 'fagområde' → terminologi, for snevert?
 - domene som 'samfunnsområde' → for vidt og vagt
 - domene som område for 'språklege val' (Ljosland 2008)
- Er "Akademia" eitt eller fleire domene?
→ Kan/må strategiane vera einsarta overalt i "Akademia"?

Omgrepet 'parallellspråklegheit'/'-het'

- Også dette har skiftande innhold:
 - -heit/-het vs. 'parallellspråksbruk' (jf. *Mål og mening*)
 - Parallellspråklege domene eller kompetansar eller ressursar – eller alt på éin gong?
-
- "UiB har som mål å utvikle ein mest mogeleg parallellspråkleg praksis"
- sterkt fokus på parallellspråklege termlister = tiltak på mikro-nivået, og altså studentretta

Domeneoppfatningar – praktiske konsekvensar?

- UHR: domene er spesialiseringsnivå → BA vs. MA → ulik vektlegging av norsk som undervisningsspråk på ulike nivå i pyramiden
- UiB: domene er fagområde → parallellspråklege termlister (mikronivå) → undervisning og formidling, prinsipielt på alle nivå

Spørsmål å stilla seg:

- Har t.d. BA i jus og BA i geofysikk identiske utfordringar? Identiske strategiar?

Skifte av diskurs → "domeneerobring"?

- Norsk fagspråk manglar i mange domene
- Det som ikkje finst, kan heller ikkje tapast!
- Vi treng eit positivt fokusskifte – det som ikkje finst, kan likevel vinnast!
- Unngå den "ideale fordring" – her tel kvar minste siger!

→ Mål for arbeidet med norsk fagspråk i vår sektor:
"studentens personlege domeneerobring" (Laurén m.fl.
2008: *Insikter om insikt*, Oslo: Novus)